



6. og 7. klasse klære for naturfagtime i dag, men tysdag skal dei ut i naturen, nærare bestemt til Valeøya (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulen i Uskedalen satsar i betydeleg grad på prosjekt og i neste veke står naturfag på prosjekt-programmet for dei 23 sjette-og sjuandeklassingane., opplyser rektor Marie Elisabeth Kaldestad til uskedalen.no
Prosjektet er i regi av TERS ved Kvinnherad vidaregåande skule og dei dekkjer alle kostnadane.

Det er Knut Jan Kaldestad ved KVV som står ansvarleg for prosjektet og leiar det medan Odd Steinar Arnesen og Åse Neset er kontaktlærarar ved Uskedal-skulen. Overskrifta over prosjektet er 'Livet i strandsona', fortel Arnesen og Neset.

- Det er første gongen dette prosjektet blir gjennomført. Arbeidet, erfaringane og investeringane som no blir gjort vil bli tilgjengelege for andre skular slik at andre klassar kan gjennomføra det samme prosjektet seinare, seier Arnesen.

Dei 16 elevane i sjette og 7 i sjuande klasse skal gjennomgå teori ved KVV den første dagen, som er måndag. På dag nummer 2 går turen til Valeøya utanfor Valen der praktiske øvingar og eksperiment i strandsona står på programmet. Stikkord her er samling av plantar og dyr, men nokre grupper skal jobba med garn- og teinetrekkjving og trekkjving av fiskefeller.

Det blir omfattande prøvetaking, mellom anna av vassprøver og planktonprøver og det blir spennande å sjå konklusjonane.

Prosjektet blir avslutta onsdag, då representantar frå TERS kjem til skulen i Uskedalen. Då blir prosjektet evaluert og etterarbeid gjennomført.

Og hvis nokon undrar seg over kva TVERS betyr, står bokstavane for 'teknologi og realfag i skulen'. Det er eit samarbeid mellom KVV og næringslivet i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen